Meland kommune

Kåre Landsvik
Landsvik 38
5917 ROSSLAND

Referanser:	Saksbehandlar:	Dato:
Dykkar:	Marius Flemmen Knudsen	10.12.2014
Vår: 14/4651 - 14/19523	marius.knudsen@meland.kommune.no	

Varsel om arbeidsfrist.

Arbeidsfristen er gått ut for ditt SMIL prosjekt, med journalnummer 11/379.

Regelverket for SMIL ordninga opnar for ein maksimal arbeidsfrist på 5 år. Til no har det berre gått tre år, og du har såleis høve til å søkje om utsett frist med inntil to nye år. Dersom du ynskjer slik utsett frist for å kunne gjennomføre prosjektet det her gjeld, ber me om at du sender ein kort søknad om dette. Med søknaden bør det og følgje grunngjeving for kvifor det er naudsynt med utsett frist.

Dersom tiltaket det gjeld er ferdig, må du sende melding til landbrukskontoret om det. Med meldinga må følgje dokumentasjon på utgifter til materiell, og timeslister som syner kva tid du har brukt på arbeidet. Om kommunen finn dokumentasjonen i orden, og synfaring syner at kvaliteten på arbeidet er ok, kan pengane betalast ut.

Dersom landbrukskontoret ikkje får søknad om utsett frist, eller melding om at tiltaket er ferdig, innan tre veker frå du mottek dette brevet, vil pengane som er sett av til tiltaket verte trekt attende. Jfr vilkår som er sett i løyvingsbrevet om dette.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Kåre Landsvik	Landsvik 38	5917	ROSSLAND